

Landslaget for reinrasa norsk sau
Vedtekter revidert 120323

Vedtekter for Landslaget for reinrasa Norsk sau

§1

Landslaget for reinrasa norsk sau sitt føremål er å ta vare på, og å fremje bærekraftig bruk og utvikling av dei bevaringsverdige, reinrasa norske sauerasane. Avlsarbeidet skal sikre at den genetiske variasjonen innafor kvar rase vert oppretthalden, samstundes som ein tek vare på og utviklar særprega til rasane i samsvar med gjeldande rasestandardar.

§2

Landslaget er bygd på fylkessamskipnader av lokale lag. Der det ikkje er fylkeslag kan lokale lag tre inn.

§3

Landsmøtet er den høgste styresmakt i Landslaget. Landsmøtet skal haldast kvart år innan utgangen av mars.

Kvart gamle fylke har ein stemmeberettiga utsending til Landsmøte. Utover dette 1 utsending pr. 5. teljande medlem.

§4

Styret i Landslaget skal bestå av 5 styremedlemmar og 2 varamedlemmar. Styreleiar vert vald kvart år for ein eit år om gongen, Styremedlemmar vert valde for 2 år, 2 medlemmar kvart år.. Kvart medlem i styret har stemmerett, ved likt stemmetal har styreleiar dobbeltstemme. Forslag frå valnemd til val av nytt styre, skal fylgje innkalling til Landsmøtet.

Valnemd skal velgast av Landsmøtet, og skal bestå av 3 medlemmar og 1 varamedlem. Det skal velgjast 1 medlem og 1 varamedlem til valnemda kvart år.

Medlemmane i styret og valnemd skal så langt det lar seg gjerast ikkje være i frå same fylke.

Valnemda skal ha tilsendt medlemslister 2 månader før Landsmøtet.

§5

Landsmøtet fastsett neste års kontingent til Landslaget.

§6

Landsmøtet skal kunngjerast minst 1 månad i forvegen med skriftleg innkalling til kvart fylkeslag/lokallag.

Saker som ein ynskjer handsama på Landsmøtet, må være innsendt seinast 1 februar.

Saksliste på Landsmøtet:

1. Namneoppøp.
2. Godkjenning av innkalling og saksliste
3. Val av møteleiar og referent.
4. Val av 2 personar, som saman med møteleiar, skal underskrive møteprotokoll, etter at han er opplest etter Landsmøtet.
5. Årsmelding.
6. Rekneskap.
7. Budsjett
8. Honorar til leiar, sekretær og kasserar for inneværande år
9. Val av leiar for 1 år.
10. Val av styremedlemmar. 2 nye for 2 år, kvart år.
11. Val av 2 varamedlemmar for styret for 1 år.
12. Val av valnemd etter forslag frå Landsmøtet.
13. Val av 1 vara til valnemd.
14. Saker frå styret
15. Innkomne saker.

Styret konstituerer seg sjølv med nestleiar, sekretær og kasserar.

Landslaget for reinrasa norsk sau Vedtekter revidert 120323

§7

Vedtekter kan kun endrast på Landsmøtet, og endringar krev 2/3 fleirtal.

§8

Vedtak om oppløysing av Landslaget kan berre gjerast på Landsmøtet, og krev 2/3 fleirtal. Vert laget oppløyst skal Landslaget sine midlar overførast til andre lag som arbeider for å ta vare på dei reinrasa norske bavaringsverdige sauerasane i landet.

§9

Styret i Landslaget kan ekskludere medlemmar som motarbeider laget, misbrukar stillinga si i laget eller har opptreidd på ein slik måte at han/ho ikkje lenger bør være medlem i laget. Dei som vert føreslått ekskludert, skal med rimeleg frist ha høve til å uttale seg før vedtak vert fatta. Vedtak om ekskludering kan påklagast til landsmøtet.

§10

Alle fylkes- og lokallag skal være registrert i Brønnøysundregisteret og ha eit styre på minimum 3 medlemmar. Fylkes- og/eller lokallag skal ha årsmøte minimum kvart 2. år, og kopi av referat skal sendas til Landslaget. Fylkes- og/eller lokallag skal føre rekneskap, og sørge for at medlemslista er oppdatert for kven som har betalt medlemskontigent. Æresmedlemmar skal stå på medlemsliste sjølv om dei ikkje betaler kontigent. Medlemslista skal sendast til Landslaget seinest 1.juni kvart år.

§11

Fylkes- og lokallag kan arrangere dommarkurs, og eventuelt søke Landslaget om økonomisk støtte. Landslaget sender ut kåringsreglar, dømmingsreglar og rasebeskriving til fylkes- og lokallag ved endring.

§12

Dommarar skal godkjennast av styret i Landslaget. Dei skal kunne dømme alle rasar og følgje dei dømmereglar og kåringsreglar som gjeld for kvar rase. Forslag til godkjenning av evt nye dommarar må sendast til styret seinast 1.Juni

§13

Alle godkjende dommara er likeverdige og suverene.

§14

Dommarar skal utvise uvedkomande frå ringen.

§15

Reglar om dømning og kåring byggjer på «Regler for sauesjå» utferdiga av Landbruksdirektøren 1965 med seinare vedtekne endringar. Alle oppsette dommarar skal være godkjente av Landslaget. Alle dyr til kåring og dømning skal ha stamtavle. I klassane Sau m/lam og vêrlam skal det opplysast om haustvekt, og middel haustvekt i flokken.

§16

Klippedato for utstillingsverar er 15. mars. Ved klipping tidlegare må dette opplysast på innmeldingsskjema.

§17

Kopi av resultatlistene frå utstillingane, både kåring av vêrlam og dømning av vaksne skal oppbevarast i landslagets arkiv. Vraaka vêrlam med årsak skal og dokumenteras på listene.

§18

Kvart fylkes- og lokallag sender bindande bestilling på utstillingsmateriell og katalogar. Dette skal være utstillingsansvarleg i hende seinast ei veke innan utstilling. Kasserar i Landslaget mottar innmeldingspengar, og betaler katalogane.

Landslaget for reinrasa norsk sau Vedtekter revidert 120323

§19

Endring av dømmerreglar, kåringsreglar og rasebeskriving av dalasau skal i tilfelle aktuelt være sak på Landsmøtet, og godkjennast av Landsmøtet.

§20

Seminvêrar som skal til Staur skal være kåra som lam og dømd som risbit/vaksen. Dei skal ha avkom etter seg og middel avdrått etter vêren skal dokumenterast. Dette skal sikre at dei vêrene som vert sett inn både ivaretar rasen sin og gjev gode avlsdyr.

Dersom ein ser at det er dyr med særleg gode kvalitetar, men som elles ikkje oppfyller krav (til dømes dokumentasjonskrav), skal Landslaget så tidleg som mogeleg søkje om dispensasjon, slik at dyret likevel kan verte tatt inn til Staur.